

BIBELN SITT TIDSPERSPEKTIV.

Hensikten med denne artikkelen er å visa kva Bibelen lærer om kor lenge det er sidan Adam og Eva levde og kva tid me kan forventta Jesu gjenkomst.

Dette seier Bibelen: år e. skapinga

| | | | |
|-------------|------------------------------|--------|------|
| 1 Mos. 1,27 | Adam skapt | | 0 |
| 1 Mos. 5, 3 | Set fødd då Adam var | 130 år | 130 |
| 6 | Enosj fødd då Set var | 105 år | 235 |
| 9 | Kenan fødd då Enosj var | 90 år | 325 |
| 12 | Mahalalel fødd då Kenan var | 70 år | 395 |
| 15 | Jared fødd då Mahalalel var | 65 år | 460 |
| 18 | Enok fødd då Jared var | 162 år | 622 |
| 21 | Metusjalah fødd då Enok var | 65 år | 687 |
| 25 | Lamek fødd då Metusjalah var | 187 år | 874 |
| 28 | Noa fødd då Lamek var | 182 år | 1056 |
| 1 Mos. 7,11 | Syndefloda kom då Noa var | 600 år | 1656 |

Etter syndefloda:

| | | | |
|--------------|-----------------------------------|--------------|-------------|
| 1.Mos. 11,10 | Arpaksjad fødd 2 år etter flommen | 2 år | 1658 |
| 12 | Sjelah fødd då Arpaksjad var | 35 år | 1693 |
| 14 | Eber fødd då Sjelah var | 30 år | 1723 |
| 16 | Peleg fødd då Eber var | 34 år | 1757 |
| 18 | Re'u fødd då Peleg var | 30 år | 1787 |
| 20 | Serug fødd då Re'u var | 32 år | 1819 |
| 22 | Nakor fødd då Serug var | 30 år | 1849 |
| 24 | Tarah fødd då Nakor var | 29 år | 1878 |
| 26 | Abram fødd då Tarah var | 70 år | 1948 |

Bibelen seier i 1 Mos.11,26: "Då Tarah var 70 år, fekk han sønene Abram, Nakor og Haran".

Den kjende jødiske historieskrivaren F.Josefus skriv at Abraham vart fødd 292 år etter flommen. (1948 – 1656)

Jashers bok , som ikkje er med i Bibelen, seier det same.

"Tarah var 38 år då han fekk Haran og Nakor". 7,22.

"Tarah var 70 år då han fekk han,og Tarah kalla namnet på sonen som han fekk for Abram." 7,51 (www.ccel.org/a/anonymous/jasher/7.htm)

Etter jødisk tradisjon starta Abram å forkynna om himmelens Gud då han var 52 år gamal,nøyaktig 2000 år etter Adam.

Abraham inngjekk pakt med Gud då han var 99 år gamal. (les 1 Mos. 17,1-5)

Abram bytte namn til Abraham og omskjeringa starta.

”Då Abram var 99 år gamal, synte Herren seg for han og sa Sjå, eg gjer ei pakt med deg....du skal ikkje lenger heita Abram men Abraham skal namnet ditt vera ; Alle menn og gutar skal omskjerast...

..Abraham var 99 år gamal då han vart omskoren.” (1 Mos. 17)

| | | |
|---|-------------------|-------------|
| Den evige pakta mellom Gud og Abraham. | 1948 + 99 | 2047 |
| ”Og Gud gav han omskjeringspakta”. Ap.gj 7,8 | | |
| Lova vart gjeven 430 år etter at pakta var inngått. | 2047 + 430 | 2477 |

”Ei pakt som Gud alt hadde gjort, kan ikkje setjast til sides av lova som kom 430 år seinare ”. Galatarane 3,17

Lova vart gjeven til Moses og israelittane like etter at dei reiste frå fangenskapet i Egypt.

”Den tredje nymånedagen etter at israelittane hadde fare frå Egypt, kom dei til Sinai-øydemarka”...2 Mos.19,1

Moses fekk då dei 10 boda som er nedskrivne i 2 Mos. 20 kpt

I 1 Kongebok 6,1 står det:

”Salomo tok til å byggja Herrens hus i det 480.året etter israelittane hadde fare hadde fare frå Egypt”

2477 + 480 2957

Kor mange år gjekk det frå bygginga av Salomos tempel starta til jødane kom i fangenskap i Babylon?

Salomo starta bygginga av tempelet i det 4.året i hans 40.årige styre.(1Kong 6,1)

For å svara på dette spørsmålet, må me studera kongerekkja i Judea nøye.

| | | |
|------------------|---|----|
| 1 Kongebok 6,1 | Salomo hadde igjen 36 år av sin periode | 36 |
| 14,21 | Rahabeam styrte | 17 |
| 15,2 | Abia styrte | 3 |
| 2 Krøniker 16,13 | Asa styrte | 41 |
| 1 Kongebok 22,42 | Josjafat styrte | 25 |
| 2 Kongebok 8,17 | Joram styrte | 8 |
| 8,24 | Akasja styrte | 1 |
| 11,1-3 | Atalja styrte | 6 |
| 12,1-3 | Joasj styrte | 40 |
| 14,1-2 | Amasja styrte | 29 |
| 15,1-2 | Asarja styrte | 52 |
| 15,32-33 | Jotam styrte | 16 |
| 16,1-2 | Akas styrte | 16 |
| 18,1-2 | Hiskia styrte | 29 |

| | | |
|---------------|----------------------|---------------|
| 21,1 | Manasse styrte | 55 |
| 21,19 | Amon styrte | 2 |
| 22,1-2 | Josjia styrte | 31 |
| 23,31 | Joakas styrte 3 mnd | 0,25 |
| | Jojakim styrte | 11 |
| 24,8 | Jojakin styrte 3 mnd | 0,25 |
| 24,18 | Sidikia styrte | 11 |
| TOTALT | | 430 år |

År frå Adam og Eva til fangenskapet i Babylon : 2957 + 430 3386

**Kva år vart jødane ført i fangenskap i Babylon?
Dette er det stor semje om. 586 f. kr skjedde det.**

3387+586 3973

Bibelen lærer at det er 3973 år frå Adam og Eva til året 0 (år 0 er berre eit punkt)

Jesus sto fram som Messias år 28 e.kr .Han vart Messias ved dåpen .Det skjedde i det 15.året til Tiberius.

**” Det var i det femtande styringsåret åt keisar Tiberius.
..alt folket let seg no døypa,og Jesus og vart døypt.(Luk.3;4)**

Jesus sto fram som Messias (år 28) nøyaktig 4000 år etter Adam vart skapt.

Året Jesus vart døypt leste han frå jubileumsprofetien i Esaias 61.

Lukas 4 kpt:

**”Herrens Ande er over meg,
for han har salva meg til å forkynna
ein gledesbodskap for fattige.
Han har sendt meg for å ropa ut
at fangar skal få fridom
og at blinde skal få sjå,
for å løysa dei trælka or tvang,
og ropa ut eit nådeår frå Herren.”**

...” I dag vart dette skriftordet oppfylt medan de hørde på”.|

Jesus leste frå jubileumsprofetien i eit jubelår (år 28).

F.Josefeus seier at år 23 f.kr var eit jubileumsår. År 28 e .kr. vert då og det 50. året – eit jubileumsår.(år 0 eksisterer ikkje)

Frå Adam vart skapt fram til Messias sto fram, gjekk det nøyaktig 80 jubileumsår.

I jødiske skrifter står det at Messias sitt styre skal vera 2000 år.(40 jubileum)

Han vart Messias i år 28.

Ingen kjenner dag og time , men Bibelens ord viser tydeleg at dei 6000 åra snart er til ende.

Dei 120 jubileumsårsyklusane eller 6000 åra endar omlag 2028 .

Kva er det som skjer i dag som Bibelen talar om?

”Eg vil samla alle folkeslaga til strid mot Jerusalem. Byen skal verta teken, husa plyndra...Herren sjølv skal fara ut og strida mot desse folka...Den dagen skal han stå med føtene på Oljeberget... Sakarja 14,2...

”Den dagen skal det henda at eg gjer Jerusalem til ein lyftestein for alle folkeslag. Kvar den som freistar å lyfta han,skal berre riva seg opp. Men alle folkeslag skal samla seg mot byen.” Sakarja 12,3

Jødane eller Israel er Guds utvalgte folk. Dei er ikkje forkasta av Gud, slik enkelte hevdar.

”No spør eg: Har Gud forkasta folket sitt? Langt ifrå. ..Men på grunn av utveljinga er dei elska av Gud, for fedrane skuld.” Rom.11

Jesus nemner eit av teikna på at han kjem tilbake.

”Når skal dette henda? Og kva er teiknet på di atterkome og verdens ende?Matt 24,3

... Når de ser at „den øydande styggedomen”....

...Når de ser Jerusalem kringsett av hærar,då skal de vita at byen snart ligg øyde....Luk 21..... For då skal det verta så stor naud som det ikkje har vore frå verda vart skapt og til no, og som det aldri meir skal verta. Og vart ikkje den tida forkorta vart ikkje noko menneske frelst.. Så snart denne trengseltida er over.....Då skal teiknet åt Menneskesonen syna seg på himmelen...Matt 24, 29

Det er i Midt-Austen krigen kjem til å stå. Verdas nasjonar kjem til slutt til å gå til angrep på Israel for å tvinga dei til lydnad.

